



Statsforvaltaren I Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/5819 - 23/36008

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
09.05.2023

Oversender dispensasjon for oppføring av fritidsbustad til klagevurdering - gbnr 483/7 Haukeland

Saksopplysningar

Administrativt saknr. 1150/22
Tiltak: Oppføring av fritidsbustad
Søknadstype: Dispensasjon
Eigedom: gbnr 483/7
Adresse: Vetåsvegen 19, 5938 Sæbøvågen
Tiltakshavarar/eigarar: Margrethe Aven Storheim og Arvid Storheim
Klagar: Tiltakshavarane

Saka gjeld

Saka gjeld klage på delegert vedtak av 31.10.2022 om avslag på søknad om dispensasjon frå arealføremål LNF for oppføring av fritidsbustad.

Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø (APM) i møte den 26.04.2023, der Alver kommune sitt vedtak datert 31.10.2022 ikkje vart oppretthaldt og klagen vart tatt til følgje. Utval for areal, plan og miljø (APM) i Alver kommune fatta følgjande vedtak:

«APM- 056/23 Vedtak:

Klagen i frå tiltakshavar i sak 22/5819, saknr. 1150/22, datert 31.10.2022, vert teken til følgje. Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealføremål LNF for oppføring av omsøkt fritidsbustad på følgjande vilkår: Hytta skal førast opp med material og fargeval om skal spela på lag med omgjevningane. Fargen skal vera mørk eller grå i naturfarge. Hytteeigedommen skal sikrast tinglyst parkeringsplass på eigna stad på gnr. 483 bnr. 4.

Grunngjeving for vedtaket:

Utval for areal, plan og miljø meiner i samsvar med Plan- og bygningsloven § 19-2 at fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene. Vidare meiner utvalet at det omsøkte tiltaket ikkje vil setje omsynet bak føresegna vesentleg til side etter ei samla vurdering. Utvalet vil vise til at den omsøkte fritidsbustaden vil erstatte ei eldre hytte i dårleg stand som alt står på tomte. Bruken av tomte vert difor ikkje vesentleg endra.

Utvalet meiner at det arkitektoniske uttrykket til den omsøkte hytta vil tilføra landskapet eit spennande uttrykk, som sjølv om bygningen vert litt meir dominerande i landskapet mot vest, vil den tilføra landskapet ein kontrastfull kvalitet i skogs- og åslandskapet på staden. Frå sør og sør aust vil ny fritidsbustad liggja i forgrunnen av Ornnipa (169,5m) og tilhøyrande høgdedrag, og ikkje verte eksponert i terrenget. Frå nord vil den liggja i skjul bak same høgdedrag. Frå aust vil den verta mindre synleg enn dagens hytte. Frå sør er terrenget så bratt og kupert at den ikkje vil verte særleg synleg.

Den nye plasseringa av hytta vil etter utvalet si vurdering heller ikkje føra til auka privatisering av området, sidan den i stor grad vil vende mot vest, og ned mot nabohytta på gnr. 483 bnr.12, som ligg like nedunder. Dette området på vestsida er difor alt vorte privatisert. Vidare meiner utvalet at omsøkt fritidsbustad heller ikkje vil verta til sjenanse for gardsdrifta, og at tiltaket vil medføra minimale terrengingrep. Eksisterande fritidsbustad ligg ca 100 m i luftlinje frå våningshuset, på ei høgde med direkte utsyn ned mot driftssenteret på bruket. Den nye fritidsbustaden vil venda vekk frå garden og også lenger vekk frå driftssenteret

Den nye hytta vert berre omlag 50 cm høgare enn noverande hytte, og vil førast opp med material- og fargeval, som skal spela på lag med omgjevnadane. Hytta kjem over 600 m i luftlinje frå sjø frå strandsona, og vil frå sjøen vil den bli lite synleg. Omsøkt fritidsbustad vil vere i tråd med notida sine krav og forventningar til plass og komfort, og vil samla sett vera eit positivt element for området.»

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post tone.furustol@alver.kommune.no eller på telefon 56375401.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av fritidsbustad - 483/7 Haukedal nordre
Klage på avslag om dispensasjon - gbnr 483/7 Haukeland nordre
Avslått søknad om dispensasjon - gbnr 483/7 Haukeland nordre
Uttale - gbnr 483/7 Haukeland nordre - riving av fritidsbustad - oppføring av ny - dispensasjon
Dispensasjonssøknad 483-7 med tegningar
Bekreftelse mottatt nabovarsel - Stian Haukeland

Vedlegg:

Gjenpart av nabovarsel
Kvittering for nabovarsel

Kopi til:

Arvid Storheim

Vetåsvegen 15

5938

SÆBØVÅGEN

Margrethe Aven Storheim

Vetåsvegen 15

5938

SÆBØVÅGEN

Margrethe Aven Storheim

Vetåsvegen 15

5938

SÆBØVÅGEN

Mottakarar:

Statsforvaltaren I Vestland

Njøsavegen 2

6863

Leikanger